



Informasjon

5/2021

Molde SVs informasjonsbulletin

Desember 2021

Leder Oscar Toft



2022 – DET VIKTIGE MELLOMÅRET

Vi er nett ferdige med eit stortingsval der Molde SV gjorde sin del av jobben for å få Birgit Oline på tinget. Både representantane våre i kommunestyret og andre lokallagsmedlemer sto skikkeleg på for å få til dette.

Det neste STORE målet vårt er kommune- og fylkestingvalet i 2023, der vi må halde stand, og helst gjere det enno betre enn det gode resultatet vårt sist, for å vere med på å få til eit politisk skifte i Molde kommune.

Det er så lett å tenke på 2022 som eit kvileskjersår. Det er det ikkje. Dei viktige oppgåvene står i kø. Det er no vi skal legge grunnen for eit godt 2023.

- Nominasjon

Fristen for å levere liste er 31. mars 2023. Mange lokallag starter arbeidet med listene først i januar i valåret. Det er altfor seint. Ei nominasjonsnemnd skal settast ned på årsmøtet 2022. Slik får dei god tid til å gjere eit grundig arbeid før ein held nominasjonsmøte ein gong på hausten 2022.

- Programutvikling

Det er særst viktig at vi har eit godt og spissa program å vise til når vi skal drive valkamp i 2023. Utpå våren, eller tidleg haust, vil derfor styret sette ned ein programkomite med ansvar for dette. Dei må sørge for ein god og demokratisk prosess, der det er mogleg for medlemer å komme med innspel. Det endelege programmet må ein vedta på årsmøtet 2023, eller på eit eige medlemsmøte. Medlemene må få høve til å kome med konkrete endringsforslag til teksten. Slik

sikrar ein at medlemene våre kjenner eit størst mogleg eigarskap til programmet som skal vere styrande for arbeidet til lokallaget og kommunestyregruppa den neste kommunestyreperioden.

- Organisasjonsbygging

Organisasjonsbygging er viktig for å ha mange og ivrige medlemer som står på for SV. Det er og viktig å verve fleire medlemer med tanke på størrelsen på partistøtta. Her har vi planar om fleire tiltak;

- Medlemsmøte med interessante tema. Nokre med tilreisande kapasitetar, andre der vi møtast andre stader enn i Molde sentrum, og vert kjende med resten av den no langstrekte kommunen vår.
- Månadlege lavterskel kafemøte, der ein berre kan treffast og prate om laust og fast. Om det gjeng slik vi planlegg, vert det første møtet første onsdag i januar
- Vi går med planar om å dra i gang eit sosialistisk kor

Elles går det no mot nytt årsmøte. Det vert onsdag 19. januar 2022, kl. 18:00, på Bergmo ungdomsskule. Saker til handsaming på møtet må ein sende styret seinast 5. januar 2022. Valkomiteen er allereie godt i gang med arbeidet sitt.

Godt komande mellomår!

Oscar Toft
Styreleiar
Molde SV



Kjære medlem

No har eg vore stortingsrepresentant i vel ein måned, og eg må få nytte høvet til å seie tusen takk til alle dykk som røysta meg inn på Stortinget, og for den enorme innsatsen de ga i løpet av valkampen. Eg sett umåtelig stor pris på det, og skal gjere mitt ytterste for å vise meg tilliten verdig.

Den første månaden har gått med til å kome på plass reint fysisk, og å gjere seg kjent med bygget, dei nye kollegaene, og arbeidsoppgåvene. Eg har, som de kanskje har fått med dykk, fått plass i Energi- og miljøkomiteen. Her sitt eg saman med Lars Haltbrekken. Eg er heldig som får vere i ein komite der SV har to medlem. Særleg når eg er heilt ny som stortingsrepresentant og blir kasta rett inn i statsbudsjettet og behandlinga av energimeldinga som blir ei svært viktig sak dette året som det er viktig at medlemmane engasjerer seg i.

Siden SV ikkje gjekk inn i regjering, har vi ein spanande tid framfor oss med budsjettforhandlingar som må vere ferdig før jul. Sidan SV trengst for å skape raudgrønt fleirtal kjem vi i ein nøkkelposisjon som vi vil prøve å nytte for å få gjennom mest mogleg SV politikk på vegne av alle som har stemt på oss. Sidan SV har ein nøkkelrolle er det særleg stor interesse for vårt alternative budsjett i år. Difor har vi sterkt fokus på å arbeide samordna og forankre dei store prioriteringane i partigruppa med tydelige roller og kommunikasjonslinjer.

Den nye regjeringa levert det som kallast ein tilleggspolisjon, også kalla tilleggspoppen. Dette er eit dokument, der dei har teke utgangspunkt i statsbudsjettforslaget den førre regjeringa laga, og har endra den for å få ei ny retning, og vise sin politikk. De kan gå inn og sjå på budsjettframlegget her:

<https://www.regjeringen.no/no/statsbudsjett/2022/tilleggsnummer/id2881350/>

Her finn de også de sakene som er prioritert for vårt fylke:

<https://www.regjeringen.no/no/statsbudsjett/2022/tilleggsnummer/id2881350/>

Last ned dokumentet og bruk søkefunksjonen så kan du leite deg fram til tema og poster. Det gjer det lettare å sjå kva vi i SV får til i våre forhandlingar med regjeringa.

SV sitt alternative statsbudsjett vart presentert 15. november. <https://www.sv.no/politikken/alternativt-statsbudsjett/>

Same dag starta forhandlingane med regjeringa om statsbudsjettet. Alle fraksjonene (altså dei som arbeider med dei forskjellige fagfelta i komiteane på Stortinget) har sendt inn forslag til forhandlingsutvalet i SV om kva som er våre primærstandpunkt (altså det vi aller helst vil få til), kva som er våre sekundærstandpunkt (hva vi kan være med på som kompromiss), og kva vi ikke skal gi oss på under forhandlingane. Under forhandlingane er alle i SV gruppa i beredskap for å kunne bidra dersom forhandlingsutvalet treng å drøfte ting på vårt saksområde.

De er medlemmar i SV, og har ein kanal inn på Stortinget gjennom meg. Det enklaste er å sende innspel til moreogromsdal@sv.no, så sørger fylkessekretæren for at eg får dette på ein måte som gjer at kontakten ikke drukner i alle-postane eg mottek.

Eg kan stille to skriftlege spørsmål i veka til ansvarleg statsråd for kva som helst saksfelt. Eg kan sende inn spørsmål til den munnlege spørjetimen og fremje representantforslag eller interpellasjonar. Representantforslag, Dok 8 forslag, vert først behandla i Gruppestyret og SV gruppa for å forankre saker i SV sin politikk. Når vi fremjer ei sak i Stortinget vert den levert Stortingspresidenten skriftleg og så avgjer presidentskapet vidare saksgong og fordeler saker til komiteane. Så kjem komiteen etter ei stund med ei innstilling til Stortinget som voterer over denne. Komiteane kan ikkje fremje saker sjølve, men vi kan arrangere ei høyring på eit tema eller større saker som treng ei breiare handsaming.

Godt lokalpolitisk arbeid er viktig for å utvikle god SV politikk. Det er viktig for at vår sosialistiske rørsle veks seg sterk og vi kan få til å utvikle god politikk og ei positiv endring for folk, klima og natur.

Med venleg helsing

Birgit Oline Kjerstad
Stortingsrepresentant for Møre og Romsdal
Sosialistisk Venstreparti
Tlf. +47 481 11 549





SV
For kjærligheten
og mangfoldet!



Trenger vi PRIDE lenger? Hvorfor arrangerer alle kommuner og byer egne pride-arrangement nå om dagen? Har det blitt ei mote-greie? Og hvorfor arrangerer pride-parade da det nesten ikke er noen skeive som går i disse paradene utenfor Oslo-bygda? Joda, vi skeive møtes ofte med lite gjennomtenkte spørsmål. Men unngår man å stille disse spørsmålene, kan det jo være at man forblir lite gjennomtenkt som person.

Ja, Molde PRIDE 2022 blir viktig! Sett av helga 3.til 5.juni. Programmet blir svært variert og noe for enhver smak; konserter, stand up, teater, kino, allsang, flaggheising, regnbuemesse i kirka og en gedigen parade med mål om 6000 deltakende! Her vil vi at SV skal vises godt. SV har gått i bresjen for skeives rettigheter opp igjennom årene, og vi gjør det ennå.

Homo/gay er fortsatt det mest brukte skjellsordet i den norske skolen. Fortsatt er det menn og kvinner i Molde i dag som ikke klarer tanken på å komme ut av skapet. De skammer seg, lever et falskt liv i et tilsynelatende heterofilt samliv, de er livredde for hva familien kommer til å si og noen vurderer om livet virkelig er verdt å leve. La oss være enige om at livet skal leves her og nå, og livet skal leves godt! La oss også være enige om at vi akter å delta i den gedigne paraden, gjerne bak parolen til SV.

"Molde er en homoby" skrev Romsdals Budstikke i 2013! Og byen har tatt sjumilssteg. Hver måned samler Molde på Skeiva folk med ulike legninger fra hele fylket, og fra Kyrksæterøra i nord til langt ned mot Sognefjorden i sør. De 2 andre byene kan ikke vise til samme aktivitet. Mote-greie? Nei, spar meg. En feiring av mangfoldet, kjærligheten og aksept er noe av det vakreste som finnes! Jo flere som går i paraden, jo tryggere blir det for de som er redd og ikke aksepterer seg selv. Kanskje til og med folk flytter tilbake, og nye kommer til.

Kim Thoresen-Vestre
grupeleder
Molde SV





Økonomisk politikk og budsjettarbeid i Molde kommune

Solid budsjettarbeid og ansvarlig økonomisk politikk er ikke gjort over natta. Før budsjettmøtet i november ble det gjennomført tre gruppemøter og ett medlemsmøte, parallelt ble det jobbet mot KS og SVs budsjettarbeid i Stortinget (ny regjering og forhandlinger mellom SV og den nye SP/AP regjeringa). Dette grundige arbeidet gir et godt kunnskapsgrunnlag som er nødvendig for å identifisere og skape handlingsrom.

All utvikling er menneskeskapt, det gode samfunn og demokratiet bygges nedenfra, ikke ovenfra og ned, men vi må alltid ha kunnskapsgrunnlag for våre handlinger i bønn. Veien til helvete er brolagt med gode intensjoner, godt kunnskapsgrunnlag og vilje til handling er derfor nødvendig beslutningsgrunnlag for gode vedtak.

Det er min påstand at SV framstår som det ledende opposisjonspartiet i Molde – både før og etter budsjettdebatten i kommunestyret 18.11.21

Inntektsgrunnlaget vi har å forholde oss til er tredelt:

1. Skatteinntekter – avhengig av lokal aktivitet og verdiskaping
 - Stikkord: aktiv næringspolitikk
2. Rammeoverføringer fra staten
 - Her spiller storting og regjering en avgjørende rolle, der SV nå har ei nøkkelrolle
3. Eiendomsskatt – den eneste inntekta som er «lokal og uavhengig», uten andre bindinger og føringer enn dem som kommunestyret til enhver tid vedtar

Som det går fram av historien, ble eiendomsskatten innført i gamle Molde kommune i 1989, i Nesset allerede i 1981. Eiendomsskatt vedtas av kommunestyret, i tråd med kommunalt selvstyre, og er som sagt den eneste skatten som er bindingsfri, i samsvar med det beste av det gode med lokaldemokrati og lokalt selvstyre.

I internasjonalt perspektiv (OECD) er eiendomsskattlegging i Norge lav. Likevel er den omstridt, noe Molde kommunes historie viser: det tok tre kommunestyreperioder å kjempe gjennom den saken i gamle Molde: 1979-83, 1983-1987, 1987-1991.

Også den gangen var kommuneøkonomien utfordrende: 40 mill i akkumulert underskudd på 80-tallet gir en formidabel sum regnet i nåverdi, antakelig minst 100 mill, altså en betydelig sum. Heller ikke den gang var det mulig å budsjettere etter behov, kun etter posisjonens rammer, som innebærer «å binde seg til masta», slik som i dag.

Naturlov? Lovbestemt? Nei: menneskebestemt – makta rår!

Om vi summerer/akkumulerer inntektene fra eiendomsskatten i gamle og nye Molde kommune, kommer vi opp i en nominell verdi tilsvarende 2 mrd NOK. Regner vi om til nåverdi, vil summen være minst en halv milliard i tillegg. Da er det høyst relevant å spørre: Hva ville situasjonen vært i denne kommunen om ikke framsynte og modige politiske ledere gikk foran og tok upopulære valg, til tross for posisjonens reaksjonære motstand? Som strittet imot periode etter periode og som i tillegg vant et valg med bløffen «null i eiendomsskatt»? Er det eksempel på ansvarlig økonomisk politikk?

Det er det selvfølgelig ikke – det er eksempel på totalt uansvarlig økonomisk politikk. Det handler om å skyve andre foran seg, la opposisjonen ta den politiske belastninga og når makta gjenerobres, skumme fløten og være gratispassasjer. Nei, ikke bare det, i tillegg hovre over opposisjonens «uansvarlige økonomiske politikk» når situasjonen de facto er motsatt.

Tilbake til budsjett og økonomiplan og SVs markante rolle:

I tillegg til våre egne stemmer, fikk vi med oss Rødt (samtlige forslag) og tre representanter fra SP (Vistdal bofellesskap, oppfølging av investeringsforslag fra 2020). Våre forslag var slik:

Drift:

- 10 millioner i økt ramme til sektor kultur, oppvekst og velferd
- 10 millioner i økt ramme til sektor helse og omsorg
- 6 millioner mer til klima og miljø

Sum drift: Økning med 26 mill, finansiering/inndekning ved forventet resultat av SVs forhandlinger med ny regjering. Verdt å nevne er at vi også hadde et oversendelsesforslag i 11 punkter innen klima og miljø som spisser mål og tiltak innen dette viktige satsingsområdet (8 stemmer også her).

Investering:

- Opprettholde opprinnelig prosjektplan for investering på Lubbenes:
 - Fastholde investeringsramme på til sammen 43,6 mill. kroner til et felles prosjekt knyttet til renovering av kunstgressbanen med ny undervarme og ny varmeløsning/varmesentral (29,1 mill. kroner) samt et

garderobebygg inkl. riving av eksisterende garderobebygg (14,5 mill. kroner)

- Striden stod om garderobebygget, altså 14,5 millioner, holde fast ved opprinnelig og sammenhengende plan: Investere i 2022 eller utsette investeringa til 2025
- Renovering av banen er utført, de to siste delene er forutsetning for helårsdrift på anlegget – 14,5 mill representerer i denne sammenheng et «musepiss i havet» med tanke på totale investeringer i kommunen, men likevel viktig for aktiviteten for barn og unge i Molde
 - Forslaget er et håndslag til frivilligheten og representerer ei framtidretta investering på det laveste trinnet i «omsorgstrappa» - aktivt lokalsamfunn:
 - Forebygging framfor reparasjon: proaktiv framfor reaktiv



Redaksjonen ønsker alle medlemmer en trygg og fin adventstid og en riktig god jul. Ta godt vare på hverandre.

Gunn F.

Oppsummering:

SV har levert godt forarbeid, gjort gode markeringer og levert en konsistent politikk som tar hele kommunen i bruk:

- Sentrum og periferi
- Helse og omsorg – i hele kommunen
- Oppvekst, kultur og velferd – i hele kommunen
- Ansvarlig økonomisk politikk som henger sammen

Det er ingen tvil om at det er behov for et skifte i det politiske lederskapet i Molde kommune. Et rødgrønt flertall er innen rekkevidde. Spørsmålet er: tar vi utfordringa?

Rune Sjøholm

